

VEDTEKTER FOR BUSKERUD FOLKEMUSIKKLAG

Vedtekne på konstituerande møte i Prestfoss 23.3.1985

Reviderte og vedtekne på årsmøtet i Prestfoss 9.3.2013

§ 1. Føremål

Buskerud Folkemusikklag skal:

- a) arbeide for å fremja interessa og vørnaden for folkemusikk og folkedans i fylket
- b) vera eit samordnande organ for lokallaga og arbeide for å halde levande og utvikle vidare arkiv for skrift, lyd og bilete i fylket.

§ 2. Lagsoppgåver

Buskerud Folkemusikklag skal:

- a) medverke til å skipe nye lokallag
- b) ivareta interessene til laget andsynes fylkeskommunale styresmakter
- c) organisere opplærings- og kursverksemd
- d) syte for at ein fylkeskappleik / ei fylkesstemne vert halden ein gong i året.
- e) søkje kontakt med organisasjonar og andre som det kan vera verdefullt å samarbeide med.

§ 3. Medlemskap

- a) Buskerud Folkemusikklag er med i FolkOrg. Alle lokallag av FolkOrg i fylket, er medlemmer i fylkeslaget.
- b) Einskildmedlemmer i lokallaga betaler ein liten kontingent til fylkeslaget.

§ 4. Årsmøtet

a) Tidspunkt og førebuing

Årsmøtet vert halde kvart år og før årsmøtet i FolkOrg. Lokallaga skal ha skriftleg melding i god tid om når årsmøtet skal vera, slik at framlegg til saker kan sendast inn til styret i god tid, seinast 5 (fem) veker, før årsmøtet. Saklista skal sendast ut til lokallaga seinast 3 (tre) veker før møtet.

b) Møte- og røysterett

Lokallaga har høve til å møte med 2 (to) utsendingar med røysterett. Alle einskildmedlemmer har elles møte- og forslagsrett.

c) Røysting

Alle saker som ikkje gjeld oppløysing eller vedtektsendingar, vert avgjorde med vanleg

fleirtal. Ved likt røystetal har styreleiaren dobbelrøyst.

d) *Årsmøtets oppgåver*

Årsmøtet skal:

- godkjenne innkalling og sakliste
- velja ordstyrar og skrivar, og attåt det to personar til å skrive under på årsmøteprotokollen
- godkjenne årsmelding, rekneskap og budsjett
- handsame arbeidsprogrammet
- handsame innkomne saker som styret legg fram
- velja utsending til årsmøtet i FolkOrg og andre utsendingar
- velja folk til styre og andre tillitsverv
- fastsetja medlemskontingenten.

§ 5. Val

a) *Årsmøte vel:*

- styreleiar for eitt år
- 4 (fire) styremedlemmer for to år, men slik at 2 (to) står på val kvart år
- 2 (to) varafolk til styret for to år, men slik at 1 (ein) står på val kvart år
- 3 (tre) personar til valnemnda - ein for 1 (år), ein for 2 (to) år og ein for 3 (tre) år
- 2 (to) revisorar for ettersyn av rekneskapen for 2 (to) år, men slik at 1 (ein) står på val kvart år

b) Styret må veljast slik at styret får ei best mogleg distriktsvis fordeling.

c) Vala skal vera skriftlege om nokon krev det.

§ 6. Omframnt årsmøte

Dersom styret eller $\frac{1}{3}$ av lokallaga krev det, skal det haldast omframnt årsmøte. Omframnt årsmøte vert gjennomført etter § 4, d.e. som for vanlege årsmøte.

§ 7. Styret og valnemnda

a) *Konstituering av styret*

Styret vel innbyrdes:

- nestleiar
- kasserar
- skrivar

b) *Styrets oppgåver*

Styret er ansvarleg for den daglege leiinga av Buskerud Folkemusikklag. Styreleiar kallar inn til møte så ofte som det er naudsynt, eller når nokon i styret bed om det. Styret er vedtaksført når minst 3 av dei faste medlemmene møter. Ved likt røystetal har leiaren dobbelrøyst. Styret fører referat frå styremøta og protokoll frå årsmøtet. Styret kan nemne opp nemnder til å ta seg av særskilde oppgåver innanfor fylkeslaget sitt arbeidsfelt.

c) Konstituering av valnemnda

Valnemnda vel innbyrdes ein leiar. Nemnda skal så snart leiaren er vald, melde frå til styret kven dette er. Leiaren i valnemnda er kontaktperson for styret.

§ 8 Oppløysing av laget

Buskerud Folkemusikklag kan berre oppløysast etter årsmøtevedtak med minst $\frac{3}{4}$ fleirtal. Vert Buskerud Folkemusikklag lagt ned, skal eignelutene i laget takast vare på av FolkOrg. Vert ikkje laget teke oppatt, og på same grunnlag som tidlegare, innan det er gått 15 år, skal FolkOrg og eit utval sett saman av styreleiarane i lokallaga for folkemusikk i fylket, avgjera på kva måte midlane best kan nyttast til beste for folkemusikken og -dansen i Buskerud.

§ 9 Vedtaksendingar

Vedtaksendingar kan berre gjerast med $\frac{2}{3}$ fleirtal på årsmøtet.

§ 10 Iverksetjing

Desse vedtektene gjeld frå 9. mars 2013.